



Arkivnr: 2016/5202-1

Saksbehandlar: Siri Hanson

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestinget		13.06.2016

**Business Region Bergen AS – fullmakt for rådmannen å forhandle med dei andre eigarane**

**Samandrag**

Bergen kommune ynskjer å avslutte avtalen om tenestekjøp frå Business Region Bergen AS for å få frigjort midlar til næringsutvikling i eigen regi. Grunnlaget for Business Region Bergen AS vil då ikkje lenger vere til stades.

**Forslag til vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune seier opp avtalen med Business Region Bergen AS med verknad 01.01.2017.
2. Fylkestinget gjev fylkesrådmannen fullmakt til å forhandle med dei andre eigarane i Business Region Bergen AS om vidareføring og fordeling av oppgåver samt organisering og finansiering av desse.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 25.05.2016

BRB ble etablert i 2007. Bergen kommune hadde avtale om årleg tenestekjøp fra BRB på ca. kr 10 mill i perioden 2008-2014. Dette beløpet vart seinare redusert til kr 7 mill. Hordaland fylkeskommune har bidratt årleg med om lag 5 mill. BRB har hatt eit godt samarbeid med fylkeskommunen og vore ein aktiv støttespiller i arbeidet med næringsutvikling for Hordaland/Bergensregionen. Dei viktigaste bidraga frå BRB har vore utforming av Strategisk Næringsplan for Bergensregionen (SNP) for perioden 2010-2014 og for perioden 2015-2020, samt arbeid med arealoversikter og etablerarteneste. SNP inneheld konkrete tiltak, der BRB har hatt både eit gjennomføringsansvar og ei oppfølgingsrolle overfor fylket, kommunane og nettverksorganisasjonane. Etablerersenter har heilt sidan oppstart hatt ei viktig rolle for etablerarar i form av aktiv kursverksem og oppfølgingssamtaler med etablerarar frå alle eigarkommunane. Delegasjonsreiser til viktige messer i inn- og utland har dei seinare åra vært utført av nettverks- eller klyngeorganisasjonar i tett samarbeid med BRB. Vidare er prosjektet «Investering i Bergensregionen», eit prosjekt for å tiltrekke seg næringsetableringar til regionen, eit arbeid som haustar lovord frå eigarkommunane og næringslivet.

Hordaland fylkeskommune sine samarbeidspartnerar innan næringsutvikling utan om Business Region Bergen AS er mellom anna Bergen kommune, nettverksorganisasjonar, bransjeretta medlemsorganisasjonar, Arena-prosjekt, NCE-prosjekt og GCE-prosjekt, Nyskapingsparken, Connect Vest, Innovasjon Norgenæringshagar og Regionråda.

Bergen kommune ynskjer no å avslutte avtalen om tenestekjøp frå BRB for å få frigjort midlar til næringsutvikling i eigen regi. Det ble gjennomført et informasjonsmøte for eigarane i BRB onsdag 27. april, der Bergen kommune orienterte om at det ville leggjast fram bystyresak om å avslutte avtalen med BRB med verknad frå 1.1.2017. Dei frigjorte midlane ønsker byrådet å nytte til å styrke kommunens næringsarbeid.

Det at Bergen kommune avsluttar samarbeidet med BRB vil ville føre til at grunnlaget for vidare drift av selskapet ikkje lenger er til stades. I Hordaland fylkeskommune sin avtale med BRB heiter det : «*Større endringar i organisering, eigarskap eller overordna strategi for Business region Bergen AS gir fylkeskommunen rett til å reforhandle eller seie opp denne avtalen.*» På denne bakgrunnen vi eg tilrå at også Hordaland fylkeskommune seier opp avtalen med BRB frå og med 01.01.2017.

Fleire av oppgåvene vil i framtida kunne utførast av Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og dei andre eigarkommunane eller andre samarbeidspartnerane.

På informasjonsmøte 27. april signaliserte Hordaland fylkeskommune eit ynskje om å ta særlig ansvar for å sikre vidareføring av viktige oppgåver som i dag utføres av BRB. Både Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil vere pådrivarar og samarbeide om arbeidet, og bidra til å vidareføre det regionale samarbeidet for næringsutvikling i Bergensregionen.

Hordaland fylkeskommune hadde den 26. mai 2016 eit møte med eigarane i BRB. Der vart det etablert ei arbeidsgruppe som skal arbeide fram eit forslag til vidareføring, organisering og finansiering av oppgåvene som BRB har hatt ansvar for på vegne av eigarane. Mandatet til arbeidsgruppa er følgjande:

1. Arbeidsgruppa skisserer framtidig organisering og fordeling av oppgåver som i dag ligg hjå BRB.
2. Val av oppgåver og organisering må vere realiserbar både med tanke på økonomi og tidsbruk.
3. Forslag på finansieringsløysing av oppgåvene, gjennom eit spleiselag som gjev alle kommunane lågare kostnader.
4. Gruppa skal vurdere det geografiske nedslagsfeltet for ein ny struktur.
5. Arbeidet skal vere ferdigstilt innan fredag 10. juni.

For å sikre framdrift i arbeidet er det naudsynt at fylkesrådmannen får fullmakt frå fylkestinget til å forhandle med dei andre eigarane i BRB om vidareføring av oppgåver, organisering og finansiering.